- Vidareutvikling av planar og rutinar på personalområdet

6 Planavdelinga

6.1 Mål, status og sentrale utviklingstrekk

Planavdelinga har klare mål om å betre responsen mellom vedtekne politiske mål og fysisk planlegging og gjennomføring. Ved å samle all plankompetanse i ei avdeling er føresetnadene for å lukkast med dette gode.

Det fremste målstyringsverktøyet er planstrategidokumentet for Øystre Slidre. Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for planavdelinga:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal syte for ei berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og ivareta det biologiske mangfaldet.
- Øystre Slidre kommune skal bevare og vidareutvikle sine natur-, kultur- og miljøkvalitetar.
- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov.

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
- Øystre Slidre skal vere ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga.

Nærings- og samfunnsutvikling

- Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur for nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Arbeidet skal bidra til eit robust, kunnskapsbasert og framtidsretta næringsliv.
- Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar mulighetene og vågar å gripe dei. For å kunne vere blant dei mest attraktive kommunane i Oppland for nyetablering og bevaring av eksisterande næringsliv skal dette vektleggast stort i det daglege arbeidet og i samfunnsplanlegginga.

Folkehelse, omsorg og sosiale tenester

- Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får mulighet til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.

Samferdsel

- Øystre Slidre skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E-16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå til denne.
- Kommunen skal gjennom regionalt samarbeid arbeide for ei vidareutvikling av Fagernes Lufthamn, Leirin, som rute- og charterflyplass, då kommunen ser dette som særskilt viktig for å støtte opp om reiseliv, varehandel og privat tenesteyting i Valdres. Øystre Slidre skal utvikle eigen trafikksikringsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide for sykkel- og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegane.
- Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområder og attraksjonar som rettar seg.

Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling

- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland
- Kommunen skal gjennom Samfunnsplanen tilrettelege for arbeidsplassar, nyskaping, samt lokal grendeutvikling og nærmiljøtiltak og trivselstiltak for dette.

- Regional sentrumsutbygging: Beitostølen skal byggast ut vidare, og vere ein av tre framtidige sentrum i regionen, saman med Bagn og regionsenteret Fagernes/Leira.

Kommunaltekniske tenester

- Øystre Slidre skal gjennom *Arealdelen* til kommuneplana sikre at fastsette miljømål og sentrale føringer til god planlegging vert fylgt.
- Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplast til offentleg vass- og avløpsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene.
- Kommunen vil og arbeide for at dei delane av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer forureiningsfare.
- Kommunen skal vere i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette.

Idrett og kultur

- Kommunen skal støtte opp om gode kultur- og idrettsarrangement på ein slik måte at det stimulerer drifta i frivillige lag og organisasjonar, og som er eit verktøy i næringsutvikling. Gjennom *Samfunnsdelen* skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet.

6.2 Stillingsramme

Tabell 6-1 Stillingsramme – Planavdelinga

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Fagsjef miljø	1,0	1,0	0,0	
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Planlegger/jurist	2,7	2,8	-0,1	Permisjon
Totalt	4,7	4,8	-0,1	

6.3 Økonomiske hovedtal

Tabell 6-2 Økonomiske hovedtal – planavdelinga

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
15 PLAN			
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	3 360 000	3 396 000	3 608 509
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	120 000	108 000	112 507
12 INVENTAR/UTSTYR, HONORAR M.V.	310 000	336 000	521 466
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	126 000	149 000	150 206
14 OVERFØRINGAR	-	-	144 627
Sum utgifter	3 916 000	3 989 000	4 537 315
16 SALGSINNTEKTER	-	-	-443 789
17 REFUSJONER	-57 000	-41 000	-218 986
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-22 155
Sum inntekter	-57 000	-41 000	-684 931
Sum : 15 PLAN	3 859 000	3 948 000	3 852 384

7 Opplæring og kultur

7.1 Felles for området

7.1.1 Mål

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for området oppvekst og næring:

Vekst i kvalitet:

Øystre Slidre kommune skal :

- tilby tenester som i kvalitet, innhold og effektiv ressursbruk, tilfredsstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov.

Alle er med:

Øystre Slidre kommune skal:

- ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
- vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon
- stimulere frivillighet, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon.

Offensiv organisasjon:

Øystre Slidre kommune skal:

- vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
- vere ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga.
- prioritere aktiv informasjon, både internt og eksternt

Oppvekst og læring

Øystre Slidre kommune skal vere ei kunnskapsbygd, som vil si at me er over snittet i landet på alle felt knytt til oppvekst og læring. Kommunen skal ha skuler og barnehagar, kvar alle barn og elevar føler seg velkomne, blir sett og kan utvikle tru på eigne evner. Skula skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like muligheter for utvikling. Evna til nyskaping og kunnskap for å kunne ta eigne og gode val for framtida skal stimulerast.

I Øystre Slidre skal det vere :

- Garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle.
- Høgare andel minoritetsspråklege barn i barnehagen
- Minst 50 % pedagogitetthet i barnehagene
- Fleire mannlege tilsette i barnehagane
- Lærarar som oppfyller kompetansekrava i dei faga dei undervisar i

Idrett og kultur

Øystre Slidre skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen. Øystre Slidre ynskjer å gje eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett i heile kommunen. Øystre Slidre skal støtte opp om eldsjelene og frivillig sektor og arbeide for eit breitt tilbod innan kultur, friluftsliv og idrett i heile kommunen.

7.1.2 Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA)

Her er ei kortfatta oversikt over sentrale KOSTRA-tall som viser noko om kvaliteten på tenestene, økonomisk prioritering, dekningsgrader og produktivitet/einingskostnader.

Tabell 6-1 Kvalitetsindikatorar - Opplæring og kultur

	Øystre Slidre			Komm. gruppe2	Oppland	Landet
	2014	2015	2016	2016	2016	2016
Gjennomsnittlig gruppstørrelse, 8.-10.årstrinn	12,0	11,1	11,4	12,1	13,5	14,3
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent førskolelærerutdanning	94,1	100,0	88,2	88,1	92,9	91,3
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m ²) Enhet : Kvadratmeter	9,0	8,7	8,8	6,8	6,1	5,7
Besøk i folkebibliotek per innbygger	7,8	7,4	7,9	4,0	4,5	4,6
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1851	1604	1724	2102	2085	2153

Kjelde: SSB, KOSTRA

Tabellen viser at det er satsa på barn i barnehage og skule, høg kompetanse, små elevgrupper og bra med areal per barn i barnehagane.

Nettoutgifter til kultursektoren per innbygger ligg som tidlegare lågare enn dei vi samanliknar oss med. Andre aktivitetstall syner likevel at vi får mye kulturaktivitet ut av de tilgjengelege midlar. Kommunen utmerker seg som tidlegare med eit godt besøkt folkebibliotek.

Tabell 6-2 Prioriteringar - Opplæring og kultur

	Øystre Slidre			Komm. gruppe2	Oppland	Landet
	2014	2015	2016	2016	2016	2016
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 214, 215, 222, 223) i prosent av samla nettodriftsutgifter	27,2	27,3	25,7	23,4	22,9	23,0
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	113 216	128 781	136 071	137 743	136 230	139 403
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	3,2	2,8	2,8	3,3	3,7	3,9

Kjelde: SSB, KOSTRA.

Tabellen viser at kommunen brukar prosentvis meir på grunnskulen enn dei vi samanliknar oss med, ØSK har høge utgifter på løn (lærartettleik) nye bygg og skuleskyss. I barnehage er kostnaden for kvart barn dette året lågare enn dei grupperingane vi samanliknar oss med.

Den delen av kommunen sitt budsjett som vert brukt på kultursektoren, ligg noko under dei vi samanliknar oss med. Ei forklaring på at kommunen ligg lågt kan vere at mange tilskot til kultur er rekneskapsført på andre område.

Tabell 6-3 Dekningsgrad - Opplæring og kultur

	Øystre Slidre			Komm. gruppe2	Oppland	Landet
	2014	2015	2016	2016	2016	2016
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning Enhet : Prosent	9,5	8,5	8,0	8,7	7,4	7,8
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt Enhet : Prosent	18,8	17,9	17,3	16,7	15,6	17,4
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	92,0	94,0	87,0	90,6	91,1	91,0

Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år	49,1	47,5	43,2	23,8	17,9	13,7
---	------	------	------	------	------	------

Kjelde: SSB, KOSTRA.

Tabellen viser at andelen elevar som treng spesialundervisning har gått ned, og andel timar brukt på spesialundervisning har vorte redusert. Vi er nå tilnærma på nivå med dei grupperingane vi samanliknar oss med.

I kulturskulen får svært mange elevar tilbod om undervisning, men andelen av det totale talet barn er gått gradvis ned dei siste to åra. Talet på barn 1-5 år med barnehageplass gjekk noko ned att dette året samanlikna med tidlegare år. Kommunen tek inn alle barn som har fylt eitt års dersom foreldra ynskjer plass, sjølv om dette ikkje er lovpålagt.

Tabell 6-4 Produktivitet/einingskostnad - Opplæring og kultur

	Øystre Slidre			Komm. gruppe 2	Opplan d	Landet
	2014	2015	2016	2016	2016	2016
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per elev Enhet : Kroner	133 090	142 444	141 919	124 079	115 609	104 956
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	160 488	178 195	186 566	184 544	184 747	191 792
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	5403	4992	5 228	3 807	3 049	2 217
Netto driftsutgifter til folkebibliotek (F370) Enhet : Prosent	0,5	0,5	0,5	0,5	0,6	0,5

Kjelde: SSB, KOSTRA.

Tabellen viser at Øystre Slidre kommune har høgre utgifter til skule enn dei vi samanliknar oss med. Det kan skuldast m.a. høg lærartettleik, auka avskrivningar til nye skulebygg og høge skysskostnad. Tabellen viser at utgifter per barn i barnehagen ligg på nivå med dei vi samanliknar oss med. Netto driftsutgifter til kulturskulen ligg høgt.

Vi har ein særhøg del av barna som elevar ved kulturskulen. Netto driftsutgifter til folkebibliotek i prosent av samla netto driftsutgifter ligg på om lag same nivå som dei vi samanliknar oss med.

7.1.3 Stillingsramme

Tabell 7-1 Stillingsramme - Opplæring og kultur

Verksemnd	2018	2017	Endring
20 - Skule og bhg - administrasjon	1,0	2,0	-1,0
211 - ØSUS	19,9	20,2	-0,3
212 - Rogne skule	18,0	16,4	1,7
215 - Lidar skule	19,0	18,2	0,8
217 - BHSS skuleavd.	2,2	2,2	0,0
231 - Tingvang barnehage	9,1	8,6	0,5
232 - Rogne barnehage	13,1	11,0	2,1
236 - Beito barnehage	8,7	8,7	-0,1
25 - Kultur	7,4	7,1	0,3
28 - Flyktningtenesta	1,8	1,8	0,0
Totalt	100,2	96,1	4,0
210 - Lærlingverksemda	5,4	5,5	-0,1

Tabell 7-2 Stillingsramme - Skule og bhg – administrasjon

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Kommuneleiar	1,0	1,0	0,0	
Prosjektstilling fylkeskommunal	0,0	1,0	-1,0	Utløp av prosjektperiode
Totalt	1,0	2,0	-1,0	

7.1.4 Økonomiske hovedtal

Tabell 7-3 Nettobeløp per ansvarsområde - Opplæring og kultur (beløp i heile 1000 kr)

Netto pr verksemد	Budsjett	Buds(end)	Endring	Regnskap
	2018	2017	%	2016
20 OPPLÆRING OG KULTUR FELLES				
KOMMUNELEIAR OPPLÆRING OG KULTUR	2 706 000	2 794 000	-3	2 422 554
LÆRLINGEVERKSEMDA	696 000	758 000	-8	663 060
GRUNNSKULEN FELLES	2 790 000	1 655 000	69	989 108
BHSS - SKULEAVD.	-293 000	-214 000	37	-253 938
BARNEHAGAR FELLES	3 102 000	2 849 000	9	3 401 308
20 Opplæring og Kultur felles/ adm	9 001 000	7 842 000	15	7 222 092
21 Ø SLIDRE UNGDOMSSKULE	14 588 000	14 948 000	-2	12 672 882
22 ROGNE SKULE	12 737 000	11 503 000	11	11 294 203
23 LIDAR SKULE	14 405 000	13 628 000	6	12 618 503
Grunnskulen	41 730 000	40 079 000	4	36 585 588
25 TINGVANG BARNEHAGE	4 425 000	3 704 000	19	4 109 138
26 ROGNE BARNEHAGE	6 389 000	5 556 000	15	5 381 075
27 BEITO BARNEHAGE	4 198 000	4 200 000	0	4 133 060
Barnehager	15 012 000	13 460 000	12	13 623 273
28 FLYKTNINGETENESTER	-1 705 000	-2 501 000	-32	-3 967 638
29 KULTUR				
KULTURSKULEN	2 128 000	1 746 000	22	1 860 221
KULTUR	6 044 000	6 076 000	-2	6 033 422
FRIVILLIGHETSENTRALEN	620 000	609 000	0	287 128
BIBLIOTEK	1 331 000	1 270 000	5	1 165 215
29 KULTUR	10 123 000	9 701 000	4	9 345 986
T O T A L T	74 161 000	68 581 000	8	62 809 301

For 2018 skjer det nokre større endringar som gjev økonomiske utslag på området opplæring og kultur. Det er forventa ei auke i kjøp av tenester frå andre kommunar. Dette gjeld særleg elever frå vår kommune som får skulegang i andre kommunar. Tilskotet til Flyktningtenesta går ned, samtidig som kostnadene knytt til tenesta ikkje reduserast i same grad.

Auken i kostnader i Tingvang og Rogne barnehagar er i hovudsak knytt til auka bemanning som ein følgje av fleire barn i barnehagane.

Kulturskulen har eit utstrakt samarbeid om lærekrefter med dei andre valdreskommunane. Denne aktiviteten har vore for lågt budsjettert tidlegare år, og er justert tilpassa omfanget på aktiviteten.

Tabell 7-4 Økonomiske hovedtal - Opplæring og kultur (beløp i heile 1000 kr)

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Endring %	Regnskap 2016
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	67 307 000	66 512 000	1	63 339 611
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	7 099 000	6 500 000	9	5 536 580
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR	2 916 000	3 143 000	-7	1 872 475
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	9 829 000	10 263 000	-4	9 091 648
14 OVERFØRINGAR	7 970 000	7 599 000	5	8 929 278
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	0	55 000
Sum utgifter	95 121 000	94 017 000	1	88 824 592
16 SALGSINNTEKTER	-4 888 000	-4 806 000	2	-4 732 325
17 REFUSJONER	-6 990 000	-7 354 000	-5	-8 449 436
18 STATSTILSKOT	-9 082 000	-13 176 000	-31	-12 790 689
19 FINANSINNTEKTER	-	-100 000		-42 842
Sum inntekter	-20 960 000	-25 436 000	-18	-26 015 292
Sum 2 Opplæring og Kultur	74 161 000	68 581 000	8	62 809 301

Tabell 7-5 Økonomiske hovedtal - Fellesområdet på Opplæring og kultur

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	3 567 000	4 372 000	4 512 041
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	659 000	655 000	472 753
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	833 000	833 000	36 922
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	2 857 000	2 364 000	2 578 565
14 OVERFØRINGAR	3 360 000	2 838 000	3 394 196
Sum utgifter	11 276 000	11 062 000	10 994 475
16 SALGSINNTEKTER	-10 000	-10 000	-20 440
17 REFUSJONER	-2 222 000	-3 067 000	-3 635 327
18 STATSTILSKOT	-43 000	-143 000	-98 965
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-17 652
Sum inntekter	-2 275 000	-3 220 000	-3 772 383
Sum 20 OPPLÆRING OG KULTUR FELLES	9 001 000	7 842 000	7 222 092

7.2 Grunnskule

7.2.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

Læreplanverket for Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet legg føringar for undervisninga. Det vert lagt vekt på elevane si måloppnåing, og Kunnskapsløftet legg såleis stor vekt på læringsutbyttet.

Stortingsmelding 16 (2006/07) ”. og ingen sto igjen. Tidleg innsats for livslang læring.”

Meldinga peiker på at dette inneber systematisk vurdering, tilbakemelding og målretta oppfølging av elevane si læring.

Stortingsmelding 31 (2007-08) "Kvalitet i skolen"

Kvalitet på tenesteområdet inneber motiverte og kvalifiserte tilsette og leiarar. Det må leggjast vekt på eit sosialt, fagleg og godt lærings- og oppvekstmiljø.

Alle elevar som går ut av grunnskulen skal meistre grunnleggande ferdigheter (uttrykke seg munnleg og skriftleg, kunne lese, skrive og bruke digitale verktøy) som gjer dei i stand til å delta vidare i utdanning og arbeidslivet. Alle elevar skal inkluderast og oppleve meistring.

Stortingsmelding 22 (2010-11) "Motivasjon, mestring og muligheter"

Det viktige i denne meldinga er ei fornying av ungdomstrinnet. Dette skal skje gjennom ei brei tilnærming til kunnskap og til læring. Innsatsområda som er de meste sentrale er: auka valfridom gjennom innføring av valfag, meir praktisk tilnærming til faga, god læring gjennom godt læringsmiljø gjennom betre klasseleiing og betre opplæring i lesing og rekning.

Stortingsmelding 28 (2015-2016) «Fag – fordypning – forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet».

Eit samfunn i endring krev også ein skule som fornyar seg. Meldinga omhandlar føringar for å fornye faga i skulen for å gje elevane djupare læring og betre forståing. I tillegg skal skulen sitt breie danningsoppdrag få ein tydelegare plass i skulekvardagen. Dette skal være et langsiktig fornyingsarbeid som bygger vidare på Kunnskapsløftet, og på den måten også sikre kontinuitet for både lærarar og elevar. Stortingsmeldinga varslar at det skal utarbeidast ein strategi for fagfornyinga som tek vare på ei brei involvering og tilstrekkeleg tid til kvart trinn i prosessen.

Stortingsmelding 21 (2016-2017) «Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen»

Kunnskap er nøkkelen til framtida, både for kvart einskild menneske og for samfunnet som heilskap. For at barn og unge skal ha lyst til å lære, være motiverte og oppleve meistring, må alle som har ei rolle i utdanningssystemet være prega av lærelyst. Tidleg innsats er avgjerande for å gje alle barn og unge ei opplæring som ruster dei for framtida. Tidleg innsats inneber m.a. å gje kommunane ei plikt til å tilby intensiv opplæring til elevar som heng etter i lesing, skriving eller rekning på 1. – 4. trinn. Meldinga varslar tiltak for å legge til rette for at kommunar og fylkeskommunar skal få handlingsrom til å drive kvalitetsutvikling, slik at dei kan finne løysingar som er tilpassa lokale behov. Lærarar og skuleleiarar skal få gode mogelegeheter til å bygge og vidareutvikle profesjonelle fellesskap.

7.2.2 Status

Det er 365 elevar ved grunnskulen i Øystre Slidre. Elevane fordeler seg slik:

- Rogne skule: 135 elevar
- Lidar skule: 116 elevar
- Øystre Slidre ungdomsskule: 114 elevar

Den sentrale utviklingsoppgåva i åra som kjem, er arbeidet med revidert læreplan. Skulebasert utviklingsarbeid er arbeidsmåten, og arbeidet vil i ulike steg halde fram til revidert læreplan er på plass i 2020. Utviklingsarbeidet skjer på den enkelte skule i heile Valdres og blir støtta av regionale tiltak samt fagressursar frå Høgskulen i Innlandet. Arbeidet med overordna del i læreplanen er i gang. Fornying av fag og læreplanforståing kjem deretter.

Det vert arbeidd systematisk for å skape eit godt læringsmiljø med trykk på læring. På 1.- 4 trinn på begge barneskulane ligg det inne ekstra timeressursar (tidleg innsats) for å kunne sette inn ekstra hjelpe der det trengst. Behovet for spesialundervisning har gått gradvis ned dei siste åra, og det er eit mål at fleire skal få tilpassa opplæring. Det systematiske arbeidet med å få til ei slik endring fortset vidare.

Kommunen har eit mål som seier:

- Øystre Slidre kommune skal vere **over snittet i landet** på alle felt knytt til oppvekst og læring.

Det er ikkje alt som kan målast, men på område som kan målast, viser tabellane under at målet er nådd på dei fleste nasjonale prøver på alle trinn. Vi ser ein negativ trend i rekning på 9.trinn. Tiltak knytt til dette er planlagt sett i verk, bl.a. gjennom samarbeid fagmiljøa imellom på Valdres vgs. og ØSUS.

Når det gjeld elevundersøkinga, er rapporteringa frå elevane på nivå med samla rapportering på nasjonalt nivå. På 10.trinn utmerker tilbakemeldingane seg med høg score på støtte frå lærarane og medverknad og demokrati.

Avgangselevane på ØSUS kom berre opp i engelsk våren 2017. Resultata var noko lågare enn resultata for Oppland og landet som heilheit.

Statistikk syner at elevane frå Øystre Slidre har svært god gjennomføringsgrad på frå Valdres vgs. Dette tydar på at ballasten elevane som har gått vidare på Valdres vgs. har med seg frå grunnskulen er gode. Korleis droppen i grunnskulepoeng for 2016/17 vil slå ut, vil vi sjå først til neste år.

Tabell 7-6 Resultat nasjonale prøver

	Øystre Slidre			Oppland 2016-17	Nasjonalt 2016-17
	2014-15	2015-16	2016-17		
Lesing					
5. trinn	51 (3,7)	48 (2,7)	50 (3,2)	49 (0,4)	50 (0,1)
8. trinn	49 (3,3)	52 (3,0)	54 (2,8)	49 (0,4)	50 (0,1)
9. trinn	55 (3,0)	52 (3,3)	57 (3,6)	54 (0,4)	54 (0,1)
Rekning					
5. trinn	49 (3,3)	47 (2,7)	53 (2,7)	49 (0,4)	50 (0,1)
8. trinn	49 (2,6)	50 (2,7)	50 (3,2)	49 (0,4)	50 (0,1)
9. trinn	56 (3,5)	52 (2,6)	51 (3,3)	53 (0,4)	54 (0,1)

Tabell 7-7 Eksamenskarakterar

	Øystre Slidre kommune						Oppland 2016-17	Landet 2016-17
	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17		
Norsk hovudmål		3,6	3,4	3,6	3,7	-	3,4	3,4
Norsk sidemål		3,4	3,4	3,2	3,7	-	3,2	3,3
Matematikk	2,7	3,3	3,2	-	-	-	3,4	3,4
Engelsk	3,7			3,8	3,2	3,0	3,7	3,8

Tabell 7-8 Grunnskulepoeng

	Øystre Slidre		Oppland 2016-17	Landet 2016-17
	2015-16	2016-17		
Grunnskulepoeng	42,6	37,8	41,2	41,4

Tabell 7-9 Resultat fra elevundersøkinga

Indikator og nøkkeltall	Øystre Slidre kommune				Nasjonalt 2016-17
	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	
7. trinn					
Støtte fra lærerne	4,0	4,1	4,1	4,3	4,4
Vurdering for læring	3,8	4,2	3,4	3,8	3,9
Læringskultur	4,1	4,4	3,9	4,0	4,1
Mestring	4,0	4,2	4,1	4,1	4,1
Elevdemokrati og medvirkning	3,7	4,2	3,3	3,8	3,8
Mobbing på skolen	1,3	1,3	1,2	1,3 ²	1,3 ¹
10. trinn					
Støtte fra lærerne	3,9	4,0	4,0	4,3	4,0
Vurdering for læring	3,5	3,2	3,5	3,8	3,3
Læringskultur	3,9	3,8	4,0	4,0	3,8
Mestring	4,1	4,0	4,0	4,1	4,0
Elevdemokrati og medvirkning	3,7	3,4	3,4	3,8	3,3
Mobbing på skolen	1,3	1,3	1,1	1,3 ¹	1,3 ¹

7.3 Øystre Slidre ungdomsskule – stillingsramme og økonomiske hovedtal

Tabell 7-10 Stillingsramme - Øystre Slidre ungdomsskule

Stillings	2018	2017	Endring	Merknad
Rektor	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent skule	1,2	2,2	-0,9	Endring i behov
Lærar grunnskule	17,2	16,6	0,6	Endring i behov
Sekretær	0,4	0,4	0,0	
Totalt	19,9	20,2	-0,3	

Tabell 7-11 Økonomiske hovedtal - Øystre Slidre ungdomsskule

	Budsjett	Buds(end)	Regnskap
	2018	2017	20106
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	13 215 000	13 266 000	11 544 417
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 289 000	1 264 000	1 010 095
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	70 000	47 000	115 450
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 400 000	1 354 000	1 170 619
14 OVERFØRINGAR	-	-	79 304
Sum utgifter	15 974 000	15 931 000	13 919 884
16 SALGSINNTEKTER	-	-	-11 827
17 REFUSJONER	-1 224 000	-821 000	-1 016 276
18 STATSTILSKOT	-162 000	-162 000	-218 900
Sum inntekter	-1 386 000	-983 000	-1 247 003
Sum 21 Ø SLIDRE UNGDOMSSKULE	14 588 000	14 948 000	12 672 882

² Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke sammenlignbare med tidligere år

7.4 Lidar skule – stillingsramme og økonomiske hovedtal

Tabell 7-12 Stillingsramme - Lidar skule

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Rektor	0,8	0,8	0,0	
Fagarbeidar/assistent SFO	0,8	0,7	0,1	Endring i behov
Fagarbeidar/assistent skule	2,8	2,2	0,6	Endring i behov
Lærar grunnskule	14,4	14,2	0,1	Endring i behov
Sekretær	0,2	0,2	0,0	
Totalt	19,0	18,2	0,8	

Tabell 7-13 Stillingsramme - skuleavd. BHSS

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Rektor	0,2	0,2	0,0	
Lærar BHSS	2,0	2,0	0,0	
Totalt	2,2	2,2	0,0	

Tabell 7-14 Økonomiske hovedtal - Lidar skule

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016	
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	12 283 000	11 487 000	11 767 476	
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 889 000	1 789 000	1 298 897	
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	262 000	262 000	271 837	
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 350 000	1 143 000	973 706	
14 OVERFØRINGAR	-	-	83 280	
Sum utgifter	15 784 000	14 681 000	14 395 196	
16 SALGSINNTEKTER	-233 000	-283 000	-293 354	
17 REFUSJONER	-1 096 000	-720 000	-1 208 880	
18 STATSTILSKOT	-50 000	-50 000	-274 458	
Sum inntekter	-1 379 000	-1 053 000	-1 776 692	
Sum 23 LIDAR SKULE	14 405 000	13 628 000	12 618 503	

7.5 Rogne skule – stillingsramme og økonomiske hovedtal

Tabell 7-15 Stillingsramme - Rogne skule

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Rektor	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent SFO	0,6	0,3	0,3	Endring i behov
Fagarbeidar/assistent skule	2,6	1,7	0,9	Endring i behov
Lærar grunnskule	13,6	13,1	0,5	Endring i behov
Sekretær	0,2	0,2	0,0	
Totalt	18,0	16,4	1,7	

Tabell 7-16 Økonomiske hovedtal - Rogne skule

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	11 944 000	10 442 000	10 374 044
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	1 233 000	1 152 000	1 260 006
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	219 000	219 000	214 649
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 350 000	1 315 000	1 119 583
14 OVERFØRINGAR	-	-	83 551
Sum utgifter	14 746 000	13 128 000	13 051 833
16 SALGSINNTEKTER	-400 000	-400 000	-358 903
17 REFUSJONER	-1 609 000	-1 225 000	-1 102 469
18 STATSTILSKOT	-	-	-296 258
Sum inntekter	-2 009 000	-1 625 000	-1 757 630
Sum 22 ROGNE SKULE	12 737 000	11 503 000	11 294 203

7.6 Tiltak i grunnskulen

- Prosjektet «Ungdom i Utvikling» er eit regional prosjekt basert på ei nasjonal satsing. Aktiviteten vidareføres i ei ny form frå 2018 og fram til 2020. Skulebasert utvikling er basis for arbeid med læreplanforståing.
- Dei tre skulane fortset arbeidet med «Leiring av læring», det vert arbeidd systematisk med pedagogisk analyse og kollektiv læring i kollegia gjennom erfaringsdeling og refleksjon
- Lærarane nytta verktøyet «Pedagogisk analyse»
- Det vert arbeidd for å få til eit endå betre samarbeid heim-skule. Det er innført foreldreskule for foreldra til elevane i 1.klasse
- Nye kompetansekrav vert støtta med stipend- og frikjøpsordningar finansiert fra utdanningsdirektoratet.
- 50% stillingsressurs på Rogne skule er oppretthaldt for å styrke norskopplæringa for framandspråklege

7.7 Barnehage

7.7.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

Lov om barnehagar med forskrift om rammeplan

Barnehagelova er styrande for barnehagen sitt samfunnsmandat, innhald og oppgåver. Barnehagen skal ha ein helsefremmande og ein førebyggande funksjon, og bidra til å utjamne sosiale forskjellar. Innhaldet skal bygge eit heilskapleg læringsssystem der omsorg, leik og læring er sentrale delar. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse samt sju fagområde viktige delar av barnehagen sitt læringsmiljø. Lov om barnehagar, § 12, lovfestar rett til barnehageplass når barnet fyller eitt år før utgangen av august.

1.august 2017 fekk vi ny rammeplan. Rammeplanen gjev barnehagen ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemnd. Barnehagen sin eigar kan tilpasse rammeplanen til lokale tilhøve.

St. meld. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen.

Regjeringa har valt tre hovedområde for kvalitetsarbeidet i barnehagen:

1. Sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar
2. Styrke barnehagane som læringsarena

3. Alle barn skal få delta i eit aktivt i eit inkluderande fellesskap

7.7.2 Status

Pr. 31.08.17 hadde 104 barn plass i dei kommunale barnehagane i Øystre Slidre:

- Beito barnehage: 26 barn
- Rogne barnehage: 48 barn
- Tingvang barnehage: 30 barn

I tillegg hadde 20 barn plass i Heggebø Friluftsbarnehage.

Samla sett har kommunen nok personell med pedagogisk kompetanse i barnehagane.

Kommunestyret vedtok i sak o20/o7 "Organisering av barnehagetilbodet i Øystre Slidre", m.a. følgjande:

- Øystre Slidre skal ha full barnehagedekning og Rådmannen har fullmakt til å bemanne etter behov.

Som ein konsekvens av kommunestyrevetaket, tek kommunen inn nye barn i barnehagane gjennom heile året (sjølv om hovudopptaket skjer på våren). Bemanninga vert justert opp og ned etter behovet gjennom året. På denne måten er det i prinsippet aldri overbemanna i barnehagen, men det er også vanskeleg i økonomiplanen å fastslå med sikkerheit kor stor bemanning det trengst i barnehagen komande år og i økonomiplanperioden.

Barnehagane fortsett med det gode arbeidet som vart satsa på sist barnehageår med vektlegging på språk og språkmiljø. Dei tilsette i barnehagane er opptekne av at kvart barn vert sett, høyr og vist omsorg.

7.7.3 Beito barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-17 Stillingsramme - Beito barnehage

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Barnehagestyrar	0,9	1,0	-0,1	Permisjon
Fagarbeidar/assistent	4,7	4,9	-0,2	Endring i behov
Pedagogisk leiar	3,0	2,8	0,2	Endring i behov
Totalt	8,7	8,7	-0,1	

Tabell 7-18 Økonomiske hovudtal - Beito barnehage

	Budsjett	Buds(end)	Regnskap
	2018	2017	2016
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	4 952 000	5 100 000	4 929 131
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	238 000	256 000	241 241
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	15 000	15 000	8 545
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	80 000	78 000	66 308
14 OVERFØRINGAR	-	-	43 510
Sum utgifter	5 285 000	5 449 000	5 288 736
16 SALGSINNTEKTER	-951 000	-999 000	-974 015
17 REFUSJONER	-136 000	-250 000	-156 661
18 STATSTILSKOT	-	-	-25 000
Sum inntekter	-1 087 000	-1 249 000	-1 155 676
Sum 27 BEITO BARNEHAGE	4 198 000	4 200 000	4 133 060

7.7.4 Tingvang barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-19 Stillingsramme - Tingvang barnehage

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Barnehagestyrar	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent	4,5	4,5	0,0	
Pedagogisk leiar	3,6	3,1	0,5	Endring i behov
Totalt	9,1	8,6	0,5	

Tabell 7-20 Økonomiske hovudtal – Tingvang barnehage

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016	
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	5 190 000	5 080 000	5 118 568	
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	223 000	208 000	207 544	
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	16 000	16 000	11 310	
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	80 000	78 000	66 308	
14 OVERFØRINGAR	-	-	35 996	
Sum utgifter	5 509 000	5 382 000	5 439 727	
16 SALGSINNTEKTER	-627 000	-838 000	-832 909	
17 REFUSJONER	-457 000	-840 000	-497 679	
Sum inntekter	-1 084 000	-1 678 000	-1 330 588	
Sum 25 TINGVANG BARNEHAGE	4 425 000	3 704 000	4 109 138	

7.7.5 Rogne barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-21 Stillingsramme - Rogne barnehage

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Barnehagestyrar	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent	7,1	5,0	2,1	Endring i behov
Pedagogisk leiar	5,0	5,0	0,0	
Totalt	13,1	11,0	2,1	

Tabell 7-22 Økonomiske hovudtal - Rogne barnehage

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016	
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	7 746 000	6 688 000	6 467 467	
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	340 000	262 000	268 944	
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	23 000	23 000	39 515	
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	80 000	78 000	66 308	
14 OVERFØRINGAR	-	-	54 111	
Sum utgifter	8 189 000	7 051 000	6 896 344	
16 SALGSINNTEKTER	-1 564 000	-1 163 000	-1 208 129	
17 REFUSJONER	-236 000	-332 000	-291 950	
19 FINANSINNTEKTER	-	-	-15 190	
Sum inntekter	-1 800 000	-1 495 000	-1 515 269	
Sum 26 ROGNE BARNEHAGE	6 389 000	5 556 000	5 381 075	

7.7.6 Tiltak i barnehagen

- Tildele barnehageplass etter fylte eitt år. Barnehagen er open 10 timer om dagen.
- Kontinuerleg justere bemanning etter tal på plassar i barnehagen
- Stillingsressursen i barnehagane er auka med 50% for å kunne styrke norskopplæringa, for tida i Rogne Barnehage
- Samarbeidet om kompetanseheving og kvalitetsutvikling av barnehagane i Valdresregionen held fram. Nettverket for barnehagane i Valdres har utarbeidd ein strategiplan som gjeld alle barnehagane. Dette året er det personalutvikling som sett i fokus med felles kompetanseheving i regionen.
- Barnehageåret 2017/2018 har vi som satsingsområde for alle barnehagane i kommunen å implementere ny rammeplan. Personalet i barnehagane jobbar seg gjennom rammeplanen kapittel for kapittel for å tilpasse sin aktivitet i tråd med den nye rammeplanen.

7.8 Kultur

Verksemda omfattar:

- Kultur
- Kulturskule
- Bibliotek
- Frivilligsentralen
- Ungdomsklubb
- Furstrand

7.8.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

Kulturlova § 1

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakter sitt ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfold av kulturuttrykk.

Kulturløftet I & II (2005-2009 & 2009-2014)

Kulturløftet hevar kulturen sin status som samfunns- og politikkområde. Regjeringa har ein visjon om at Noreg skal vere ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kultur i alle delar av samfunnslivet. Kunst og kultur har stor verdi i seg sjølv. Samtidig har kultur stor betyding for andre samfunnsmål som næringsutvikling og arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet.

Rammeplan for kulturskolen – Mangfold og fordypning

Rammeplanane er eit grunnlagsdokument for utvikling av standardar og lokale læreplanar for kulturskulen.

7.8.2 Status

Kulturskulen

Kulturskulen gjev eit breitt tilbod i musikk, dans og visuell kunst. 190 elevar får undervisning kvar veke i eigne lokale (over biblioteket), samt på Lidar og Rogne skule. Kommunale barnehagar får musikkbarnehage kvar veke. I samarbeid med sjukeheimen er det songstunder for bebuarane to gonger kvar veke. Vi er og på Beitostølen helsesportsenter med tilbod både i song og halling.

Regionale midlar gjer det mogeleg å støtte kulturaktivitetar retta mot klassisk musikk og folkemusikk.

Det er venteliste på gitar og slagverk. Ventelistene er korte, og ivrige elevar kan få ekstra ressursar og tid. Kulturskulen har høg aktivitet og mange eigne førestillingar gjennom året. I tillegg opptrer elevane ofte på ulike arrangement både i og utanfor kommunen. Kulturskulen driv billig per elev.

Arbeidet med å implementere ny rammeplan tek tid, og inneber mykje planarbeid for lærarpersonalet.

Biblioteket

Biblioteket har gode lokale, stort besøk og høgt utlån. Skulebiblioteka på Rogne og Lidar fungerer bra og gjev høve til direkte formidling til barn og unge. På hovudbiblioteket har vi god kontakt med ungdomsskuleelevarne, og samarbeider med lærarane om særskilte leseprosjekt i tillegg til vanleg litteraturformidling. Biblioteket fyller rolla som debattarena ved å stille ut aktuell litteratur, ofte knytt til aktuell samfunnsdebatt henta frå avis- og tidskriftartiklar. Vi hjelper studentar med lån av faglitteratur og oppgåveskriving, og eldre med opplæring av databruk. Flyktningar har moglegheit til å «låne ein innbyggjar» til ein samtale over ein kaffikopp. Biblioteket skal også fungere som kulturarena, og vi har særleg veklagt tilbod for barn, som til dømes «Lått og leven» – song, musikk og dans for barn i aldersgruppa 3 – 8 år. Vi har også arrangement for vaksne, og samarbeider ofte med ulike lag om dette. For ungdom har vi laga til eit spelerom med ulike spel som er ope to ettermiddagar i veka. Biblioteket er også mykje nytta som møterom for lag utanom opningstidene.

Ungdomsklubb

Ungdomsklubben er eit stabilt og godt tilbod, med jamt høgt besøkstall. «Kulturarena Tingvang» er i gang. Bygginga av Ungdommens kulturhus «Gapahuken» er godt i gang, og vil stå ferdig i løpet av våren 2018. Skateparken vart veldig flott og hadde stor opning i oktober. Uteområde rundt, med scene, amfi, og rockeklubb, vil komplettere området.

Kultur og idrett

«Den kulturelle skulesekken» og «Den kulturelle spaserstokken» gjev gode kulturtild til skuleelevar og til eldre. Lag og organisasjonar har moglegheit til å søkje kulturtilstskot.

Idrettslag får hjelp til å søkje eksterne spelemiddel til idrettsanlegg, og kan også søkje frå kommunale middel.

Fjellstafetten har i 16 år vore eit veldig godt tiltak for å få folk ut på tur, og fenger både fastbuande og tilreisande. 474 fullførte heile stafetten i 2017.

Frivilligsentralen

Frivilligsentralen har mange hjelpeoppdrag og tilbod, 13 faste aktivitetar og mange enkeltarrangement. Tilboda famnar breitt og har varierte aktivitetar innan friluftsliv, song og musikk, dans, husflid, litteratur og kunnskapsformidling innan m.a. folkehelse. Frivilligsentralen brukar fleire arenaer til sine aktivitetar: Moatunet, skular, omsorgsbustader, sjukeheim, grendehus og uteområde. Desse møteplassane er viktige, dei er både helsefremmende, inkluderande og famnar mange målgrupper. Over 70 frivillige bidreg til at frivilligsentralen kan tilby stor aktivitet. Frivilligsentralen er ein viktig katalysator for frivillig arbeid og er også eit verdifult supplement til andre tenester i kommunen. Tilskotet frå staten ligg no i ramma.

Furustrand

Furustrand er eit friluftsområde med sandvolleyballbane, bord og benker, grill og bålpanne, nytta stupetårn/flytebrygge, båtar og kano/kajakk. Kiosken er open på sumartid.

Kulturtorskott

Tabell 7-23 Kulturtorskott i Øystre Slidre kommune

	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Budsjett 2016
Tilskott til idrett og friluftsliv	1 063 000	1 046 000	1 037 000
Aktivitet for born og unge	140 000	135 000	135 000
Musikk og andre kulturtiltak	507 000	530 000	532 000
Museum	125 000	120 000	120 000
Sum	1 835 000	1 831 000	1 824 000

Tilskott til idrett og friluftsliv består av tilskott til idretts-, skyttar- og andre lag og foreiningar. Tilskota er å rekne som tilskott til drifta av laga.

Midlane knytt til posten «Aktivitet for born og unge» går til lag og foreiningar for aktivitetar dei gjennomfører retta mot born og unge.

Midlane knytt til posten «Musikk og andre kulturtiltak» går til lag og foreiningar av ulikt slag. Stort sett er dette små tilskott, men også nokre noko større tilskott. Midlane går til drift eller til særskilte enkelttiltak.

Posten «Museum» er Øystre Slidre kommune sin del av dei kommunale eigarane sine tilskott til Valdres Folkemuseum.

7.8.3 Stillingsramme og økonomiske hovudtal

Tabell 7-24 Stillingsramme - kultur

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Leiar/rektor	1,0	1,0	0,0	
Bibliotekar	0,8	0,8	0,0	
Biblioteksjef	0,5	0,5	0,0	
Kulturkonsulent	0,2	0,2	0,0	
Kulturskulelærar	3,5	3,3	0,1	Endring i behov
Leiar Frivilligsentral	0,3	0,3	0,0	
Medarbeidar	0,3	0,3	0,0	
Ungdomsarbeidar	0,8	0,7	0,2	Auka stilling frå ca. 1/5 (Gapahuken)
Totalt	7,2	7,1	0,3	

Tabell 7-25 Økonomiske hovudtal – Kultur

29 KULTUR	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Budsjett 2016
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	4 657 000	4 422 000	4 247 396
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	670 000	606 000	630 050
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	584 000	683 000	635 767
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	822 000	643 000	706 852
14 OVERFØRINGAR	4 610 000	4 761 000	5 081 175
15 FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	55 000
Sum utgifter	11 342 000	11 115 000	11 356 241
16 SALGSINNTEKTER	-1 103 000	-1 113 000	-1 031 411
17 REFUSJONER	-	-85 000	-476 249
18 STATSTILSKOT	-116 000	-116 000	-492 595
19 FINANSINNTEKTER	-	-100 000	-10 000
Sum inntekter	-1 219 000	-1 414 000	-2 010 255

Sum 29 KULTUR	10 123 000	9 701 000	9 345 986
----------------------	-------------------	------------------	------------------

7.8.4 Tiltak

Kulturavdelinga har etablert eit godt samarbeid mellom kultur, kulturskule, bibliotek og frivilligentralen, og arbeider for å styrke det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.

Kulturskule

- Ny rammeplan for kulturskulen er vedtatt og skal no implementerast.
- Satsar på den unike ubrotne folkemusikktradisjon vår, med særleg vekt på langeleik

Kultur

- Implementering av ny rammeplan for kulturskulen
- Satsar på den unike ubrotne folkemusikktradisjonen vår, med særleg vekt på langeleik
- Utvikle tilboda på ungdomsklubben for å sikre det gode miljøet som har vokse fram der
- I punktet ligger det at det er lagt på kr 100 000 (ny stilling) til føremålet for å ha grunnlag for å utvide opningstidene på nye ungdomshuset (gapahuken) når den opnar. Midlane er henta frå den økonomiske ramma til opplæring og kultur
- Sikre gode planer for inventar i nytt ungdomshus
- Laga kulturminneplan
- Renovere golv i festsalen
- Utvikle samarbeidet mellom kultur og frivillig arbeid
- Utvikle biblioteket som debatt og kulturarena
- Fortsette med «Stølsveko», eit godt tilbod til born og ungdom i august og eit bra samarbeid mellom helse, landbruk, fjellstyre, næring og frivillige

Kyrkjeleg fellesråd

Ramma for fellesrådet er for 2018 er sett til 2.600.000 kr.

Fellesrådet driv eit systematisk og godt arbeid. Arbeidet med festeavtaler på kyrkjegardane held fram. Til ekstraordinære tiltak på kyrkjene brukar fellesrådet av sitt bundne fond.

Fellesrådet sitt disposisjonsfond har auka dei siste åra. Budsjettet for 2018 føreset bruk av dette disposisjonsfondet, om alle planlagde tiltak skal gjennomførast.

7.8.1 Flyktningtenester - kvalifiseringstenesta

I 2017 vart det busett 9 nye kvoteflyktningar i Øystre Slidre kommune. IMDI har varsla om at Øystre Slidre kommune ikkje blir bedne om å busette flyktningar i 2018. Øystre Slidre kommune organiserer no si eige flyktningteneste. Tenesta tek i dag hand om mottak av nye flyktningar og har ei særleg oppgåve i forhold til å skaffe tilfredstillande bustad. Vidare skal tenesta drive kvalifiseringstiltak gjennom opplæring via tenester som blir kjøpt av Valdres Kompetansevekst.

Omfanget på tenesta forventast å gå gradvis ned i 2018. Om det viser seg at også dei neste åra (2019 og utover) ikkje kjem nye flyktningar, vil omfanget på tenesta gå ytterlegare ned.

Tabell 7-26 Stillingsramme - flyktningtenesta

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Rådgjevar	0,8	0,8	0,0	
Integreringskonsulent	1,0	1,0	0,0	
Totalt	1,8	1,8	0,0	

Tabell 7-27 Økonomiske hovedtal – Flyktningtenesta

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	3 754 000	5 655 000	4 379 070
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	558 000	308 000	147 051
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	894 000	1 045 000	538 481
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 810 000	3 210 000	2 343 399
14 OVERFØRINGAR	-	-	74 156
Sum utgifter	7 016 000	10 218 000	7 482 157
16 SALGSINNTEKTER	-	-	-1 337
17 REFUSJONER	-10 000	-14 000	-63 946
18 STATSTILSKOT	-8 711 000	-12 705 000	-11 384 513
Sum inntekter	-8 721 000	-12 719 000	-11 449 795
Sum 28 FLYKTNINGETENESTER	-1 705 000	-2 501 000	-3 967 638

8 Helse og omsorg

8.1 Felles for området

8.1.1 Mål

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for helse- og omsorgsområdet:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhold tilfredsstiller innbyggerane og gjestene sine grunnleggende behov.

Folkehelse, pleie og omsorg, og sosiale tenester.

- Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, pleie og omsorg og sosiale tenester.
- Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vere betre enn snittet i landet på alle punkt i Folkehelseprofilen. Kommunen skal syte for at våre innbyggjarar får muligkeit til ein sunn livsstil, og deltaking i samfunnet i heile livsløpet.

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.

Folkehelse, omsorg og sosiale tenester

- Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester. Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vere betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelseprofilen, slik intensionane er i den nye Folkehelselova.
- Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får muligkeit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.
- Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling
- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland

8.1.2 Sentrale føringar og utviklingstrekk

St.meld. nr. 25 (2015-2016) – Mestring, muligheter og mening

Omsorgsmeldinga og andre relevante føringar peikar på fleire utviklingstrekk for åra framover. Talet på personar i den eldste delen av befolkninga (80+) vil halde seg stabilt fram mot 2020. I løpet av perioden 2020-2030, vil talet på eldre auke betrakteleg og medføre utfordringar for kommunen.

St.meld. nr. 47 (2007-2008) – Samhandlingsreformen

Samhandlingsreforma stiller krav til kommunane om større ansvar for helsefremmande, førebyggande arbeid og behandlingstilbod. Forventningar som kjem fram i stortingsmeldinga, går i retning av meir observasjon av pasientar i staden for innledding. Det er også ei klar forventning om at kommunen skal kunne etterbehandle og rehabiliterer etter sjukehusopphald, før pasienten blir utskrivne til eigen heim. Alle desse forventningane gjer at kommunane i distrikta må tenkja nytt og samarbeide for å sikre den kompetansen og fleksibiliteten som skal til for å handtere dei nye utfordringane. Gjennom samhandlingsreforma legg regjeringa til grunn at kommunane sjølv må finne fram til eigna samarbeidsformer for å sikre at ressursar og kompetanse blir utnytta på best

mogleg måte. I den nye helse- og omsorgstenestelova er det nærmere definert kva ansvar kommunane har.

St.meld. nr. 16 (2015-2016) Nasjonal helse- og omsorgsplan (2015- 2020)

Dette er eit verktøy for fagleg og politisk styring i perioden. Planen skildrar nærmere samhandlingsreformen sine mål og virkemiddel.

Demensplan 2020

Dette er ein delplan til omsorgsplan 2015. Den skildrar ei av dei største utfordringane vi står overfor dei neste 10-15 åra. Talet på personar med ulike demensslidningar vil auke betrakteleg, og dette vil bli ei utfordring for den enkelte kommune.

Kompetanseløftet 2020

Med bakgrunn i bemanningsutfordringane i den kommunale helse- og omsorgstenesta, er det utarbeida ein kompetanse- og rekrutteringsplan; Kompetanseløftet 2020. Denne planen er også ei delplan til omsorgsplan 2015. Planen skal gjelde fram til 2020 og inneholder strategiar og tiltak som også skal møte dei demografiske utfordringane fram mot 2050.

8.1.3 Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA)

Her er ei kortfatta oversikt over sentrale KOSTRA-tall som viser noko om kvaliteten på tenestene, økonomisk prioritering, dekningsgrader og produktivitet/einingskostnader.

Tabell 8-1 Kvalitetsindikatorar - Helse og omsorg (kjelde: SSB, KOSTRA)

	Øystre Slidre			Kom.gr 2 2016	Oppland 2016	Landet 2016
	2016	2015	2014			
Legetimer per uke per beboer i sykehjem	0,52	0,68	0,52	0,39	0,65	0,55
Fysioterapitimer per uke per beboer i sykehjem	0,54	0,48	0,38	0,39	0,36	0,43
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst i prosent	0,98	0,83	105	0,97	99,0	88,0

Etter ei auke på 0,16 timer i legetimane per veke per bebuar i sjukeheim i 2015, er denne no attende på 2014-nivå. Variasjonen skuldast at vi brukte turnuskandidaten i tillegg til sjukeheimslegen i 2015 og slik sett brukte meir ressursar på tilsyn. Fysioterapitimane er og auka, og nivået for begge ligg godt over kommunegruppe 2.

Tabell 8-2 Dekningsgrader - Helse og omsorg (kjelde: SSB, KOSTRA)

	Øystre Slidre			Kom.gr2 2016	Oppland 2016	Landet 2016
	2016	2015	2014			
Mottakere av hjemmetjenester, per 1000 innb. 0-66 år	26,0	25,0	29,0	29,0	29,0	20,0
Mottakere av hjemmetjenester, per 1000 innb. 67-79 år.	91,0	95,0	111,0	81,0	80,0	67,0
Mottakere av hjemmetjenester, per 1000 innb. 80 år og over.	383,0	340,0	361,0	377,0	343,0	320,0
Legeårsverk pr 10 000 innb., kom.helsetj.	11,9	12,5	11,9	12,8	12,2	10,6
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11,4	10,0	9,7	10,6	11,3	9,1
Andel undersøkelser med beh.tid innen 3 mnd. I barnevernet	90,0	89,0	62,0	83,0	82,0	86,0
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	3,5	3,7	3,7	-	4,9	4,9
Antall sosialhjelppsmottakere	88,0	85,0	84,0	-	92	313
Andelen sos.hjelppsmot. i forhold til innbygg	2,7	2,6	2,6	-	-	2,6

Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år av dei som mottek øk.sosialhjelp.	4,8	4,7	7,0	.	.	.
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 18-24 år	3,2	4,2	2,7	-	-	-
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år	4,5	4,4	4,9	-	-	-

Mottakarar av heimetenster i gruppa 0-66 har stabilisert seg, og ligg noko under kommunegruppe 2. Gruppa 67-79 er fortsatt i markant fall, men ligg fortsatt godt over kommunegruppa og landet. Når det gjeld gruppa over 80 år, ser vi at Øystre Slidre har hatt ein stor vekst i 2015 og vidare i 2016. Dette betyr at den eldste delen av befolkninga får større andel av tenestene enn tidlegare, noko som m.a. gjev utslag på trangen for tenestar i øvre sjikt av omsorgstrappa (som t.d. sjukeheimslass eller omsorgsbustad med bemanning).

Barnevernet har gjort endringar i prioriteringane sine, og sett større fokus på kvalitet i sakshandsaminga. Dette har slått ut i færre fristoversittingar på undersøkingar. I 2016 vart 90 % av undersøkingane avslutta innan fristen, som er tre månader.

Det er nedgang i talet på born med tiltak i gruppa 0-17 år.

Det er gledeleg at talet på sosialhjelpsmottakarar mellom 18- 24 år går nedover. Tala for 2016 viser ei stabilisering av nivået. Det har vore eit særskilt fokus i NAV på denne gruppa, og dette gjev no resultat. Gjennomsnittleg stønadslengde for mottakarar i alderen 18-24 år er redusert noko frå 2015 til 2016.

Talet på dei som får økonomisk sosialhjelp har auka noko.

Tabell 8-3 Bruksrater og brukarsamsetting - Helse og omsorg (kjelde: SSB, KOSTRA)

	Øystre Slidre			Kom.gr2 2016	Oppland 2016	Landet 2016
	2016	2015	2014			
Andel heimetenestemottakarar med omfattende bistandsbehov, 0-66 år	11,8	13,6	14,7	17,6	16,7	19,8
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år	32,5	31,7	23,4	14,0	14,2	14,4
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over	20,0	28,8	17,3	11,9	15,4	13,1
Gjennomsnitt antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand	6,1	5,6	5,5	9,1	9,7	9,7
Gjenomsnitt antall tildelte timer pr uke hjemmesykepleie	7,6	8,2	3,7	4,5	4,2	4,8
Gjsn.ant. tildelte timer i uken. Brukere utenfor inst.	10,6	11,1	7,3	9,5	10,0	10,8

I denne tabellen kan vi lese utviklinga når det gjeld bistandsbehov for dei som tek i mot heimetenestar, samt kor mange timer den enkelte får. Bistandsbehovet i gruppa 0-66 har gått klart ned, og ligg godt under kommunegruppa og Oppland. For gruppa 67-79 år har bistandsbehovet auka noko, og ligg klart over kommunegruppe 2 og landet. For den eldste gruppa, 80 år og over, har bistandsbehovet gått noko ned, men ligg fortsatt markant over kommunegruppe og landet.

Det høge bistandsbehovet gjev utslag på talet tildelte timer per veke heimesjukepleie, som enno ligg godt over kommunegruppe og landet.

Kommunen tildeler stadig fleire timer praktisk bistand per brukar per veke. Dette er ei bevisst handling med mål om ei «normalisering» mot nivået i kommunegruppa. Kommunen hadde ein praksis som førte til at mange fekk tildelt praktisk bistand, men få timer. No er det færre som får, men dei som får blir tildelt fleire timer. Dette gjeld også tildelte timer i heimesjukepleia sett i forhold til talet på brukarar.

Tabell 8-4 Produktivitet og einingskostnader - Helse og omsorg (kjelde: SSB, KOSTRA)

	Øystre Slidre			Kom.gr2	Oppland	Landet
	2016	2015	2014	2016	2016	2016
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, per kommunal plass	877 366	809 698	808 558	1 023 133	1 095 115	1 093 650
Netto driftsutg til forebygging, helsestasj.- og skolehelsetj. per innb 0-5 år	8 133	10 684	9 465	10 624	10 879	8 540
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. per innb 0-20 år	2 120	2 536	2 392	2 338	2 698	2 354
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg per innbygger 80 år og over	438 603	425 832	408 033	372 259	376 705	396 239
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg per innbygger 67 år og over	112 253	109 207	108 384	112 302	109 940	114 309

Ein ser ei auke i driftsutgiftene på institusjon i 2016. Likevel er det slik at ein institusjonsplass i Øystre Slidre kostar 145 000 kr mindre en snittet i kommunegruppa. Eit forhold her er at vi har små finansutgifter, då vi ikkje har vesentlege lånepptak på bygningsmassen. Dette vil endre seg dramatisk etter lånepptak på det nye omsorgssenteret.

Utviklinga vi ser med at vi har fått fleire over 80 år med store bistandsbehov, dreg opp kostnadane til denne gruppa, og viser ei svak auke i 2016. Her ligg vi godt over kommunegruppe og landet.

8.1.4 Stillingsramme

Tabell 8-5 Stillingsramme - Helse og omsorg

Verksemd	2018	2017	Endring
30 - Helse og velferd - administrasjon	1,0	1,0	0,0
301 - Systemkontor	2,2	1,8	0,4
31 - Helseavdelinga	19,8	19,8	0,0
36 - Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)	60,2	59,9	0,3
39 - Miljøtenesta	15,4	17,0	-1,5
Totalt	98,6	99,5	-0,8

Tabell 8-6 Stillingsramme - Helse og omsorg - administrasjon

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Kommuneleiar	1,0	1,0	0,0	
Totalt	1,0	1,0	0,0	

Tabell 8-7 Stillingsramme - Systemkontor

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Avdelingsleiar	1,0	0,0	1,0	Omorganisering, flytting av ressursar i IHT
Saksbehandlar/sekretær	0,4	1,0	-0,6	Omorganisering, flytting av ressursar i IHT
Sekretær	0,8	0,8	0,0	
Totalt	2,2	1,8	0,4	

8.1.5 Økonomiske hovudtal

Tabell 8-8 Nettoutgifter per ansvarsområde - Helse og omsorg (beløp i heile 1000 kr)

	Budsjett	Buds(end)	Endring	Endring	Regnskap
	2018	2017	kr	%	2016
30 HELSE OG OMSORG FELLES	6 057 000	5 438 000	619 000	11	5 014 312
31 HELSETENESTA	16 725 500	16 078 000	647 500	4	15 117 762
33 SOSIALE TENESTER	10 045 000	11 032 000	-987 000	-9	9 976 156
36 IHT	45 305 000	42 941 000	2 364 000	6	40 728 816
39 MILJØTENESTA	13 142 000	14 010 000	-868 000	-6	12 533 517
Sum 3 Helse og Omsorg	91 274 500	89 499 000	1 775 500	2	83 370 563

Tabell 8-9 Økonomiske hovedtal - Helse og omsorg (beløp i hele 1000 kr)

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
LØN OG SOSIALE UTGIFTER	79 194 000	78 288 000	72 694 329
KJØP AV VARER OG TENESTER	4 128 500	3 930 000	4 635 212
INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	623 000	565 000	669 152
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	19 447 000	19 704 000	19 567 738
OVERFØRINGAR	202 000	685 000	1 744 458
FINANSERINGSUTGIFTER	41 000	41 000	289 732
Sum utgifter	103 635 500	103 213 000	99 600 621
SALGSINNTEKTER	-7 528 000	-8 028 000	-7 955 309
REFUSJONER	-3 916 000	-4 729 000	-6 394 016
STATSTILSKOT	-787 000	-787 000	-1 425 586
FINANSINNTEKTER	-130 000	-170 000	-455 146
Sum inntekter	-12 361 000	-13 714 000	-16 230 058
Sum 3 Helse og Omsorg	91 274 500	89 499 000	83 370 563

8.2 Helse og omsorg - felles

8.2.1 Økonomiske hovedtal

Tabell 8-10 Økonomiske hovedtal - Helse og omsorg felles

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	2 400 000	2 096 000	1 820 707
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	71 000	85 000	39 405
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	-	10 000	-
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	3 606 000	3 252 000	3 144 592
14 OVERFØRINGAR	20 000	20 000	18 712
Sum utgifter	6 097 000	5 463 000	5 023 416
16 SALGSINNTEKTER	-	-	-4 392
17 REFUSJONER	-40 000	-25 000	-4 712
Sum inntekter	-40 000	-25 000	-9 104
Sum 30 HELSE OG OMSORG FELLES	6 057 000	5 438 000	5 014 312

8.3 Helseavdelinga

Tenesta omfattar:

- Legetenesta
- Psykisk helseteneste
- Arbeid og aktivitet
- Helsestasjon
- Fysioterapi
- Frisklivssentral
- Folkehelsekoordinator

8.3.1 Status

Helseavdelinga har dyktige tilsette med lang erfaring og god kompetanse, og har eit svært lågt sjukefråvær. Gjennomsnittsalderen er høg, noko avdelinga må ha fokus på framover. Det er tilsett to nye medarbeidarar, i psykisk helseteneste og på Aktivitetshuset. Avdelinga leverer gode tenester, men har utfordringar i å ha nok ledig kapasitet, særleg gjeld dette legetenestene.

Helseavdelinga har fokus på at samhandling og deling av kunnskap skal bidra til gode førebyggande tenester og samanhengande behandlingsløp. Avdelinga har ein administrativ leiar i tillegg fagleiarar med ansvar for å drive og utvikle dei ulike fagområda.

Helsestasjonen har no to helsestrær som er ferdige med utdanninga, difor er vi godt rusta på dette området.

Helsestasjon og Psykisk helseteneste har eit sterkt engasjement for barn og familiar, og har auka kompetansen for å stå best mogeleg rusta til å møte utfordringane.

Vi er i prosess med å rekruttere ein ny fastlege. Når denne er på plass vil vi auke listekapasiteten monaleg. Kommunen har hatt ei ordning med turnuslege i mange år. Når den nye fastlegen er på plass, vil denne ordninga blir avvikla.

Arbeid og aktivitet har stor produksjon og sal av fyringsved, serviceoppdrag og tekstilar. Salsinntektene ligg jamt med budsjett.

Skogprodukt og Aktivitetshuset har 2017 i samarbeid med Frivilligsentralen etablert «Utsyrrsentralen» som skal gje tilbod om utlån av friluftsutstyr til familiar og einskildpersonar som har utfordringar med og skaffe slikt utsyr sjølv. Det er og etablert ei ordning med utdeling av brukte klede til flyktningane.

Dagaktivitetstilbodet for heimebuande med demens har vore under utvikling. Vi har i år auka bemanninga og er no ope alle kvardagar. Det er p.t. 13 brukarar i dagtilbodet, som er eit viktig avlastande tiltak for pårørande. Brukarane blir henta og kjørt heim med «Festus», noko som truleg er ein av suksessfaktorane i tilbodet. Det er investert i ny buss i år.

8.3.2 Stillingsramme

Tabell 8-11 Stillingsramme - Helseavdelinga

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Aktivitør	3,0	3,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent	2,8	2,8	0,0	
Fysioterapeut	0,6	0,6	0,0	
Helseyster	2,0	2,0	0,0	
Kommunelege	0,9	0,9	0,0	Blir auka med 0,2 årsverk når ny fastlege er på plass
Legesekretær	2,5	2,6	-0,1	Teknisk justering
Leiar friskliv/folkehelse	0,7	0,7	0,0	
Psykatrisk sjukepleiar	3,6	3,0	0,6	Omgjort frå hjelpepleiar
Psykatrisk hjelpepleiar	0,0	0,6	-0,6	Omgjort til sjukepleiar
Sjukepleiar legekontoret	1,8	1,7	0,1	Teknisk justering
Turnuslege	1,0	1,0	0,0	Utgår frå ny fastlege er på plass
Totalt	19,8	19,8	0,0	

8.3.3 Økonomiske hovedtal

Tabell 8-12 Økonomiske hovedtal – helseavdelinga

		Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
10	LØN OG SOSIALE UTGIFTER	13 474 000	13 036 000	11 841 558
11	KJØP AV VARER OG TENESTER	1 108 500	1 072 000	1 017 010
12	INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	255 000	202 000	141 700
13	KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	4 279 000	4 328 000	4 567 588
14	OVERFØRINGAR	-	83 000	912 846
15	FINANSERINGSUTGIFTER	-	-	11 400
Sum utgifter		19 116 500	18 721 000	18 492 103
16	SALGSINNTEKTER	-655 000	-655 000	-804 396
17	REFUSJONER	-1 101 000	-1 353 000	-1 329 705
18	STATSTILSKOT	-635 000	-635 000	-1 226 188
19	FINANSINNTEKTER	-	-	-14 052
Sum inntekter		-2 391 000	-2 643 000	-3 374 341
Sum 31 HELSETENESTA		16 725 500	16 078 000	15 117 762

8.3.4 Tiltak

Legetenesta

- Opprette ny fastlegeheimel.

Psykisk helseteneste

- Omgjere 55 % stilling for psykiatrisk hjelpepleiar til psykiatrisk sjukepleiar
- Kjøpe inn 4 nye smarttelefonar
- Budsjett for å koma i gang med Feedback Informerte Tenester(FIT). Dette er eit verktøy for systematisk tilbakemelding frå brukarane, som kan bidra til å endre å tilpasse tenestane i tråd med desse tilbakemeldingane. Dette er et viktig ledd i å nytte erfaringar frå brukarar til å forbetre tenestane

Fysioterapi

- Kjøpe inn ein ny ergometersykkel.

Aktivitetshuset og Vindestogo

- Etablere våtrom med dusj

8.4 Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)

8.4.1 Status

IHT er ei stor eining som inneholder heimebaserte og institusjonsbaserte tenester.

Tenestene omfattar:

- Sjukeheim
- Heimesjukepleie
- Praktisk bistand/heimehjelp

Som vist i tabellane i dette dokumentet, er vi inne i ei tid der andelen tenestemottakarar med behov for omfattande tenester aukar sterkt i den eldste delen av befolkninga. Dette set press på tenestene som blir levert i IHT. KOSTRA-tabellane viser at den største veksten i pleieytinga vår er retta mot den eldste delen av innbyggjarane våre. For den eldste gruppa, dei over 80 år, har bistandsbehovet auka radikalt dei siste tre åra.

Kommunen har satsa på å styrke heimebaserte tenester, med tanke på at flest mogleg kan bu heime så lenge det følast trygt for den einskilde og for dei pårørande. I samband med dette er det svært viktig å kunne gje dei pårørande eit tilbod om eit pusterom gjennom å kunne ta den sjuke inn på eit avlastningsopphold på sjukeheimen. Vi ser ei sterk auke i søknadar om avlastningsplass, og det er utfordrande å kunne stille med eit tilbod raskt nok.

Eit resultat av at fleire bur heime lengre, er at når nivået på tenesta vi evnar å setje inn heime ikkje lenger er tilstrekkeleg, er ofte neste nivå langstidsplass på sjukeheimen. Difor ser vi fram til å kunne etablere 18 omsorgsbustader med heildøgns bemanning når det det nye omsorgsbygget står ferdig i 2020. I 2017 har vi i tillegg til eigne plassar kjøpt tenester frå to nabokommunar.

Heimetenesta har som tidlegare år mange brukarar og låge kostnader. Det er viktig at vi også i 2018 prioriterer førebyggjande tiltak i større grad for brukarar som er i fare for å utvikle sjukdom. Mange treng oppfølging av ernæring, fallførebyggjande tiltak, medisinar og hjelp til å hindre utvikling av sår. Dette må setjast i system for å lukkast.

Kvardagsrehabilitering er implementert i heimebaserte tenester og er ei førebyggjande teneste retta mot heimebuande eldre. Formålet med tenesta er at brukaren kan bu heime lengst mogleg og delta aktivt i eige liv. Brukaren deltek aktivt i rehabiliteringa saman med eit tverrfagleg team for å nå måla sine. Treninga skjer i heimen til brukaren i ei intensiv og tidsavgrensa periode.

Kommunen opplever aukande etterspørsel etter heimesjukepleie både hjå eldre, ungdom, unge funksjonshemma, kronikarar, rusmisbrukarar og i palliativ pleie.

I tillegg er det auka etterspørsel etter heimesjukepleie i helger og feriar, då mange besøkande oppheld seg på hytter i Øystre Slidre kommune.

Dagens sjukeheim har utfordringar knytt til at bygget har eit ventilasjonssystem som er frå 1980-talet. Dette bidreg til eit inneklima som ikkje gagnar marginale pasientar, som ofte er prega av kols eller andre lunge-/luftvegsproblem. Mange av dei tilsette klagar og på turr og dårleg inneluft.

Omsorgsbustadane på Øvre Moen er også frå ei tid med heilt andre krav til universell utforming og ikkje minst branntekniske krav. Dei eldste delane er frå syttitalet.

8.4.2 Stillingsramme

Tabell 8-13 Stillingsramme - Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)

Stillingsramme	2018	2017	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,5	-0,5	Omorganisering, flytting av ressursar i IHT
Ambulerande vaktmeister	0,9	0,9	0,0	
Avdelingsleiar	2,0	0,5	1,5	Omorganisering, flytting av ressursar i IHT
Ergoterapeut	1,0	1,0	0,0	
Fysioterapeut	0,8	0,8	0,0	
Heimehjelp	1,9	1,9	0,0	
Hjelpepleiar/omsorgsarbeidar heimetenesta	9,6	9,7	-0,2	Teknisk justering
Hjelpepleiar/omsorgsarbeidar sjukeheimen	22,4	22,0	0,4	Teknisk justering
Kjøkkensjef	1,0	1,0	0,0	
Kokk	2,5	2,5	0,0	
Sjukepleiar heimetenesta	6,2	6,6	-0,5	Omorganisering, flytting av ressursar i IHT
Sjukepleiar sjukeheimen	8,2	9,6	-1,4	Omorganisering, flytting av ressursar i IHT
Vernepleiar sjukeheimen	0,8	0,8	0,0	
Avdelingssjukepleiar	1,9	1,0	0,9	Omorganisering, flytting av ressursar i IHT
Totalt	60,2	59,9	0,3	

8.4.3 Økonomiske hovedtal

Tabell 8-14 Økonomiske hovedtal – IHT

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	51 089 000	49 724 000	47 298 416
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	2 769 000	2 605 000	3 352 882
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	346 000	346 000	509 845
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	261 000	260 000	387 916
14 OVERFØRINGAR	-	-	735 889
15 FINANSERINGSUTGIFTER	41 000	41 000	278 332
Sum utgifter	54 506 000	52 976 000	52 563 279
16 SALGSINNTEKTER	-6 823 000	-7 323 000	-7 105 367
17 REFUSJONER	-2 226 000	-2 520 000	-4 244 752
18 STATSTILSKOT	-152 000	-152 000	-199 398
19 FINANSINNTEKTER	-	-40 000	-284 946
Sum inntekter	-9 201 000	-10 035 000	-11 834 463
Sum 36 IHT	45 305 000	42 941 000	40 728 816

8.4.4 Tiltak

- Prosjekt for å redusere uønska deltid
- Auke med 20% fysioterapeut i motorteam – Kvardagsrehabilitering
- Tilsette sjukepleiar med vidareutdanning i demens/geriatri
- Implementere kvardagsrehabilitering i ordinær teneste
- Utskifting av bil 3oo'

8.5 Miljøtenesta

8.5.1 Status

Turnusområdet gjev for tida tenester til 10 vaksne brukarar med ulik grad av utviklingshemming eller diagnosar som krev miljøterapeutisk oppfølging. Det er stor skilnad i funksjonsnivået hjå desse brukarane. Det er også fem born og unge som har opphold i avlastningsbustaden, og to som for tida får eit tilbod i private heimar.

Miljøtenesta har oppdrag i heimar utanfor Brennebakkin /andre kommunale bustader, knytt opp mot miljøtiltak, opplæring og åtferdsendring.

I tillegg til nye, unge brukarar med behov for tilrettelagt bustad med miljøtenester i åra som kjem, er det ei auke i behovet for barneavlastning. Avlastning er eit viktig førebyggande tiltak som vil – om det blir gjeve til rett tid og med rett mengde – utsette behovet for tunge kommunale tenester for denne brukargruppa.

Det er etablert to barneavlastningsordningar i Øystre Slidre kommune. Det eine blir gjeve i bustad avsett til formålet på Brennebakkin 3. Det andre tilbodet er organisert slik at vi kjøper tenester hjå private, der desse utfører avlastinga i eigen heim.

8.5.2 Stillingsramme

Tabell 8-15 Stillingsramme - Miljøtenesta

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Fagarbeidar/assistent Miljøtenesta	9,6	10,4	-0,8	Reduksjon i behov
Vernepleiarar	4,6	5,6	-1,0	Reduksjon i behov
Avlastar	0,2	0,0	0,2	Ny heimel grunna endring lovverk
Totalt	15,4	17,0	-1,5	

8.5.3 Økonomiske hovedtal

Tabell 8-16 Økonomiske hovedtal – Miljøtenesta

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	12 231 000	13 432 000	11 733 649
11 KJØP AV VAKER OG TENESTER	180 000	168 000	224 813
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	22 000	7 000	17 607
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	1 308 000	1 284 000	1 371 478
14 OVERFØRINGAR	-	-	34 590
Sum utgifter	13 741 000	14 891 000	13 382 136
16 SALGSINNTEKTER	-50 000	-50 000	-41 154
17 REFUSJONER	-549 000	-831 000	-807 465
Sum inntekter	-599 000	-881 000	-848 619
Sum 39 MILJØTENESTA	13 142 000	14 010 000	12 533 517

8.5.4 Tiltak

- 2 tilrettelagte bustadeiningar blir bygd på Brennebakkin. Ferdigstilling i 2018.
- Utvide barneavlastningstilbodet for enkelte born
- Rekruttere vernepleiarar i ledige stillingar
- Skifte av terrassegolv ved inngangane på Brennebakkin.
- Lydisolering mellom to bustader på Brennebakkin

8.6 Interkommunale tenester (NAV, barnevern, og intermediærseringer i VLMS)

8.6.1 NAV – status og økonomiske hovedtal

Arbeids- og velferdsetaten sine langsiktige og overordna mål er å medverke til å få fleire i arbeid og aktivitet, og medverke til sosial inkludering og deltaking i samfunnet. NAV skal være ein bidragsyter for at verksemder skal få dekkja behovet for arbeidskraft gjennom auka kontakt og bistand til arbeidsgjevarar. Brukarar skal få tidleg og individuelt tilpassa oppfølging, og NAV skal sørge for målretta bruk av arbeidsretta tiltak, hjelpemiddel og tilrettelegging.


På bakgrunn av kommunestyresaker vedtatt i dei seks valdreskommunane, bestemte partnerskapet i møte 25. august at NAV Valdres skal være samla på Fagernes frå 5. mars 2018, og NAV Valdres er i gang med dette arbeidet. Vi legger stor vekt på å involvere alle tilsette i denne prosessen, og har hittil m.a. gjennomført to fagdagar der alle tilsette deltek for å finne dei beste løysingane for ny organisering. Vi må også ha fokus på å gje gode tenester til brukarane undervegs.

8.6.2 Tenesteytinga

Nesten halvparten av dei tilsette har nå fått nye mobilitetsløysingar, som gjev mogelegheit for at vi lettare kan møte brukarar og samarbeidspartnarar utanfor NAV-kontora. NAV Valdres har også begynt prosessen med å få felles pålogging i datasistema på statleg side for alle seks kommunane. Dette vil gjere arbeidskvarden for den enkelte rettleiar meir oversiktlig.

Fra NAV Valdres sin side er vi meir offensive på tidlig oppfølging av nyregistrerte jobbsøkjarar. Vi har god tilgang til utlyste stillingar, og jobbar med å ivareta arbeidsmarknadskunnskap og samarbeid med lokalt næringsliv.

Figur 8-1 Arbeidsleidgheit i Valdres 2017



Som diagrammet over viser, fortsetter den positive utviklinga i ledigkeitstala, både nasjonalt og lokalt. Oppland ligg godt under landsgjennomsnittet, og samlege av kommunane i Valdres har hatt ei lågare ledighet enn gjennomsnittet for Oppland.

Diagrammet over viser også utvikling av talet på heilt ledige i prosent av arbeidsstyrka i første halvdel av 2017. Ved utgangen av juni var gjennomsnittet for Oppland nede i 1,5 %, mot 2,6 % for landet. Alle kommunane i Valdres har hittil i år hatt lågare ledigkeit enn gjennomsnittet for Oppland, berre Etnedal hadde ei midlertidig auke i juni månad (nede igjen på 1,1 % i juli).

Nedgang i ledigheten blir reflektert m.a. i vår statistikk over arbeidssøkjarar i Valdres, der vi ser ein betydelig nedgang i talet på arbeidssøkjarar i forhold til same tid i fjor. Dette er same trend som i resten av fylket.

Tabell 8-17 Økonomiske hovudtal – NAV

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
KJØP AV VARER OG TENESTER	-	-	1 103
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	6 158 000	5 951 000	5 620 842
OVERFØRINGAR	182 000	582 000	42 421
Sum utgifter	6 340 000	6 533 000	5 664 366
REFUSJONER	-	-	-7 383
FINANSINNTEKTER	-130 000	-130 000	-156 148
Sum inntekter	-130 000	-130 000	-163 531
Sum ansvar: 330 NAV	6 210 000	6 403 000	5 500 834

Tabell 8-18 Tal brukarar ved utgangen av 3. kvartal 2017 og 2016

Arbeidssøkere			Sykemeldte		Tilpasset arbeidsretting, aap		Sosialhjelpe enste inntektskilde		KVP		Aktive brukere med utbetaling Sosialhjelp	
	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016
Valdres	202	242	517	546	373	356	34	32	8	13	196	230
Sør-Aurdal	33	40	69	61	74	70	5	5	2	2	27	34
Etnedal	16	17	31	28	28	26	5	0	1	2	15	21
Nord-Aurdal	77	98	192	210	137	147	12	16	2	2	86	104
Vestre Slidre	24	30	83	83	61	47	3	6	1	1	30	32
Øystre Slidre	37	38	88	106	37	33	7	5	1	1	26	31
Vang	15	19	54	58	36	33	2	0	1	5	12	8

8.6.3 Forbruk i NAV Øystre Slidre kommune

Samla mindreforbruk per tredje kvartal 2017 er på på 338' kroner. Framleis bruker vi kvalifiseringsprogrammet i mindre grad enn planlagt. Meirforbruket på økonomisk sosialhjelp er redusert i løpet av 3. kvartal, dette var 206' i 2. kvartal og er nå 139'. Det betyr at bruken av økonomisk sosialhjelp i 3. kvartal har vært lågare enn periodisert budsjett.

8.6.4 Tiltak

Vi fortsetter prosessen med å innføre leiargodkjenning av vedtak i alle kommunar.

Kvalifiseringsprogrammet kan være et virkemiddel for å få personar ut av passiv sosialhjelp, og vi registrerer at vi ikkje bruker dette virkemiddelet som planlagt. Vi kjører derfor i gang eit prosjekt knytt til meir og betre bruk av kvalifiseringsprogrammet, med planlagt oppstart i november 2017.

8.6.5 Barnevern – status og økonomiske hovudtal

Øystre Slidre kommune har felles barnevernteneste med Nord-Aurdal, Sør-Aurdal og Etnedal kommunar. Følgjande er henta frå årsmelding for samarbeidstiltak i Nord-Aurdal kommune:

«Barneverntenesta har mottatt statlige opptrappingsmidler de siste årene, og er styrket på både saksbehandling og tiltaksoppfølging. Statsbudsjettet forutsetter ikke noen ytterligere styrking av det kommunale barnevernet i 2018. For å sikre en forsvarlig barneverntjeneste har tjenesten hatt til dels store utgifter knyttet til konsulentbruk de siste årene. Tjenesten foreslås derfor styrket med ett kommunalt finansiert årsverk for å kunne redusere konsulentbruk fra 2018.»

Departementet er i gang med tilrettelegging for diverse kompetansehevingstiltak for det kommunale barnevernet. Interkommunal barneverntjeneste i Valdres vil benytte disse tilbudene når de er klare. Tjenesten vil i 2018 fremdeles bruke tid på rendyrking av de to teamene tjenesten er delt opp i, tiltaks- og omsorgsteam, og det må påregnes tid til oppfølging av styringssignaler som gis i forbindelse med ny barnevernlov fra 2020.»

Tabell 8-19 Økonomiske hovudtal – barnevern

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
Sum tjeneste: 3310 BARNEVERNTENESTER	1 886 000	1 545 000	1 776 946
Sum tjeneste: 3311 BARNEVERN I FAMILIEN	335 000	345 000	232 219
Sum tjeneste: 3312 BARNEVERN UTANFOR FAMILIEN	1 614 000	2 739 000	2 466 156
Sum ansvar: 331 BARNEVERN	3 835 000	4 629 000	4 475 321

Tiltak:

- Utgiftene og tenestene i barnevernteneste-samarbeidet samla er redusert grunna bortfall av tunge tiltak utanfor heimen.
- Bemanninga i barnevernet er foreslått auka med ei 100 % fagstilling som barnevern-konsulent. Denne er delvis finansiert med nye øyremerka midlar frå staten.

2.5.5 VLMS

Verksemda har verksemdeleiar og fagleiarar i jordmertenesta, dialyse og røntgen. Det er sjukepleier i på legevakt og intermediæravdelinga. Legevakt har legevaktsoverlege med medisinskfagleg ansvar. Intermediæravdelinga har overlege i full stilling som har det medisinskfaglege ansvaret.

Interkommunale tenester – legevakt, jordmerteneste og intermediæravdeling med kommunale akutte døgnplassar. Nye nasjonale kompetansekrav på legevaka for legar og hjelpepersonell trer i kraft frå mai 2018.

Jordmertenesta utfører svangerskaps- og barselkonsultasjonar for heile regionen. Nasjonal rettleiar anbefaler at jordmødrene skal følgje opp barselkvinner første to veker etter fødsel. I Valdres følgjer jordmor opp til og med veke ein. Gravide får tilbod om tidlig konsultasjon i veke 8 –9.

Tenesta kartlegg og informerer om forhold knytt til kosthold, alkohol og vold i nære relasjonar. Det skal utgreiaast moglegheit for full drift i intermediæravdelinga i samarbeid med Sykehuset Innlandet HF.

Sykehuset Innlandet – har desentralisert ei rekke tenester til VLMS: Røntgen, kreftpoliklinikk, dialyse, spesialistpoliklinikk samt følgje- og beredskapsteneste (jordmor). Tenestene er organiserte under prehospitale tenester. Akuttmedisinprosjekt vil frå 2018 ha anestesilege i beredskap til saman ca. 26 veker. Det vil gje ei høgare medisinskfagleg beredskap.

Første halvår 2018 vil det pågå eit utgreiingsarbeid om vidareutvikling av VLMS som skal leiast av Sykehuset Innlandet HF. Her vil ein sjå på mogelegheit for desentralisering av fleire tenester/funksjonar til VLMS.

Øystre Slidre kommune har hatt 37 pasientar på intermediæravdelinga (IMA) og 31 på kommunale akutte døgnplassar (KAD) frå januar t.o.m. august, og vi er den kommunen i Valdres som brukar IMA mest, etter Nord Aurdal. Samhandlinga med VLMS er jamn, konstruktiv og effektiv.

9 Teknisk drift

9.1 Mål

Teknisk drift har som mål å få til enda betre kvalitet på tenestene som avdelinga utfører. Dette vil krevje god samhandling i avdelinga samt ta i bruk gode planverktøy.

Følgjande av kommunen sine delmål har relevans for området teknisk drift:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggjande behov.

Alle skal med

- Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge og glade, sjølvstendige og skapande born og unge.
- Øystre Slidre kommune skal vera ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
- Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga.
- Øystre Slidre kommune skal aktivt prioritera informasjon internt og eksternt.

Tilsett i Øystre Slidre kommune

Øystre Slidre kommune skal:

- vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida. Tilsette i Øystre Slidre kommune skal ha høg trivsel med fokus på eigen utvikling

Nærings- og samfunnsutvikling

- Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur og nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Arbeidet skal bidra til eit robust, kunnskapsbasert og framtidsretta næringsliv.

Oppvekst og læring

- Kommunen skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like mogleheter for utvikling.
- I Øystre Slidre skal det vera garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle.

Samferdsel

- Øystre Slidre skal arbeide for å gjennomføre tiltaka i trafikktryggleiksplanen.
- Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområde, attraksjonar som rettar seg mot dei reisande. Prioritering av rydding skog/ kratt langs vegane i heile kommunen.

Kommunaltekniske tenester

- Øystre Slidre skal gjennom Arealdelen til kommuneplanen sikre at fastsette miljømål og sentrale føringer til god planlegging vert fulgt.

- Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplast til offentleg vass- og avløpsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene.
- Kommunen vil og arbeide for at dei delande av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer fare for forureining.
- Kommunen skal vera i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette.

9.2 Status

Ved Øystre Slidre ungdomsskule (ØSUS) har ein gjort mykje i 2017, men vi er enno ikkje i mål. Til neste år er det i økonomiplan sett av midlar til å gjera resten av ombygginga/rehabiliteringa. Vedlikehaldsplanen blir brukt aktivt.

Driftsutgiftene er relativt høge; dette gjeld både kommunale bygg, drift av VA-anlegg og kommunal veg. Med nye skulebygg og nye Rogne barnehage er dette kanskje overraskande, men sjølv om bygga er nye og betre, er det mykje "teknikk" i nye bygg som skal driftast.

I avdelinga VVA (veg, vatn og avløp) er det generelt god kvalitet, og resultata for brukarane blir vurdert som gode. Innbyggarundersøkinga viser at dei fleste meiner dei blir mottekne på ein god måte i kontakt med kommunen. Totalt sett er avdelinga godt tilgjengeleg, både på telefon og på e-post. Vaktordninga i VA-tenesta gjev 100 % tilgjenge for publikum. Reinseanlegga er dyre å drifta, men her er det vald prosessar og tekniske løysingar som det er vanskeleg å endre på utan større investeringar. Kommunebarometeret viser at ein liten del av innbyggjarane er knytte til kommunaltekniske anlegg. Mykje av forklaringa på dette er at Vindin vassverk er privat, og leverer vatn til mange i midtre del av kommunen. Sjølv om Ole vassverk og Beito reinseanlegg har mange abonnentar, så er dei fleste av desse fritidseigedommar.

Eigenbetaling omfattar primært gebyr for vatn og avløp. Kommunen har i fleire år vore offensiv med gjennomføring av nyanlegg, og til dels omfattande vedlikehald av leidningsnettet. Det er fortsatt arbeid på VA-leidningen Lidar – Sælid. Parsellen Lidar – Kjøk er ferdigstilt. Parsellen Kjøk – Nordtorp inklusiv Dalsvegen er under arbeid, medan parsellen Nordtorp – Sælid er under prosjektering, med snarleg oppstart.

Sjølv om inntektene har vore gode i samband med høg byggeaktivitet, er nivået på gebyra relativt høgt samanlikna med andre kommunar. Få abonnentar samanlikna med landsgjennomsnittet, gjer også sitt til at gebyra per abonnent blir høge. Hovudmålet framover blir å auke talet på abonnentar og å rette fokuset meir mot økonomisering av drifta, for på den måten å få stabilisert nivået på gebyra.

Når det gjeld kommunale vegar, legg faktorar kommunen har lite styring over mange premissar for utgiftene, slik som snømengde, trøng for strøing, frost/kjøving, reparasjon etter flomskadar osv. Ekstraordinært vedlikehald vil også medføre at nivået vil svinge.

Brann og feiarvesenet vil frå 01.01.2018 bli eit eige IKS.

Trivsel for den enkelte og evne til samarbeid med kollegane sine blir vurdert som generelt bra i teknisk avdeling, her er det lite som tyder på endringar frå tidlegare år. Sjølv om fleire tilsette er i ferd med å få betre kompetanse, er det framleis ynskje om kurs og «ny» lærdom i avdelinga. Det er ei utfordring å finne relevante kurstilbod og å få sendt våre folk på kurs. Men litt påfyll blir det.

Talet på tilsette som driftar avdelinga og omfanget av stillingar må elles vurderast kontinuerleg ved ev. endringar i tenestenivået.

9.3 Stillingsramme

Tabell 9-1 Stillingsramme - Teknisk drift

Stilling	2018	2017	Endring	Merknad
Leiar	1,0	1,0	0,0	
Brannkonstabel	0,0	0,2	-0,2	Overført til nytt IKS
Driftsoperatør	4,2	4,0	0,2	Ny stilling frå 1. august 2017
Feiar	0,0	1,0	-1,0	Overført til nytt IKS
Oppsynsmann	1,0	1,0	0,0	
Reinhaldar	12,3	12,4	0,0	Teknisk justering
Saksbehandlar/sekretær	0,0	1,0	-1,0	Bortfall av stilling
Vaktmeister	4,0	4,0	0,0	
Vaktmeisterformann	1,0	1,0	0,0	
Totalt	23,5	25,6	-2,1	

9.4 Økonomiske hovudtal

Tabell 9-2 Økonomiske hovudtal - Teknisk drift

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	14 452 000	17 019 000	16 105 423
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	10 892 000	10 650 000	10 647 010
12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V.	9 771 000	11 550 000	8 152 262
13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	17 115 000	13 525 000	10 476 542
14 OVERFØRINGAR	-	-	5 925 620
15 FINANSERINGSUTGIFTER	854 000	4 008 000	3 533 686
Sum utgifter	53 084 000	56 752 000	54 840 544
16 SALGSINNTEKTER	-34 178 000	-35 327 000	-32 340 357
17 REFUSJONER	-998 000	-842 000	-3 883 400
19 FINANSINNTEKTER	-170 000	-	-190 269
Sum inntekter	-35 346 000	-36 169 000	-36 414 025
Sum 4 Tekniske tenester	17 738 000	20 583 000	18 426 519

9-3 Nettobudsjett fordelt på ansvarsområde - Teknisk drift

	Budsjett 2018	Buds(end) 2017	Regnskap 2016
40 TEKNISKE TENESTER FELLES	875 000	1 388 000	832 541
43 KOMMUNALE BYGG OG REINHALD	18 938 000	19 697 000	13 279 120
44 EIGEDOM OG VEG	608 000	578 000	4 720 709
45 VATN	-3 118 000	-1 965 000	-1 298 859
46 AVLØP	-4 065 000	-2 722 000	-2 720 666
49 BRANN OG FEIERVESEN iks	4 500 000	3 607 000	3 613 673
Sum : 4 Tekniske tenester	17 738 000	20 583 000	18 426 519

9.5 Framdrift

Hovudfokus framover i teknisk drift vil vera å gjennomføra godkjende investeringsprosjekt. Det er store investeringsprosjekt også i 2018 på vatn og avløp. Likevel vel ein å behalda forbruksgebyret for vatn og avløp som i dag.

Ved driftsavdelinga skal ein legga til rette for god drift av kommunen sine bygg og anlegg. Ein vurderer sterkt behovet for å få på plass eit dataverktøy for bruk innanfor drift og eigendomsforvaltning i kommunen. Ein kan nyttiggjera eit slikt program både med omsyn til eigedomsforvaltning og driftsoppgåver i kommunen. Vaktmestarane får oppgåver ute på bygga, og oppgåvene kan med enkle tastetrykk på telefon kvitterast ut, frå f.eks. vedlikehaldsplan.

Det vart i 2016 laga ein vedlikehaldsplan som og vil vera eit godt hjelpemiddel i 2018. Dette er eit levande «dokument» som vil bli brukt aktivt også i året som kjem. ØSUS vil og bli prioritert neste år. Det vil elles være ein god del vedlikehaldsoppgåver i dei andre bygga som kommunen eig.

På reinhald vil ein fortsetta med opplæring og vidareutvikling av reinhaldsplanane. Viktig framover er å tenke opplæring i smitte og smitterehnald, samt sørge for at alle har utstyr og maskiner som trengs til dei oppgåvene som skal gjerast.

9.6 Tiltak

- Gjennomføring av investeringsprosjekt
- Kompetanseutvikling på alle plan
- Vidareutvikling av FDV-programvaren
- Arbeide for å få gjennomført vedlikehaldsbehovet på bygga
- Vidareutvikle rutinar og prosedyrar i heile avdelinga
- Implementere dataverktøy for den enkelte
- Fortsatt oppgradering av ungdomsskulen (ØSUS)
- Legge ytterlegare til rette for tilkopling til vatn og avløp
- Styrke tryggleik for tilstrekkeleg vatn til Beitostølen
- Optimalisere leidningsnett - redusere lekkasjar
- Oppretthalde god standard på kommunale vegar

10 Nærings- og byggesak

10.1 Mål og status

Samfunnssdelen i kommuneplanen legg mange fôringar for mål og arbeidsoppgåver i avdeling for næring og byggesak. Ny arealdel har opna for spanande endringar og nye mogelegheiter. Ein ser ei tydeleg auke i talet på saker der eksisterande hytter får tilbygg og anneks. Dette bidreg til viktig næringsutvikling, og er ofte prosjekt som kjem lokalt næringsliv til gode.

Konkrete mål:

- Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur for nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Kommunen skal bidra til eit robust og framtidssrettet næringsliv
- Kommunen skal vere ein pådrivar og motivator for innovasjon og nyskaping
- Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar mulighetene og vågar å gripe dei.
- Øystre Slidre kommune skal ha auka fokus på landbruk i kommunen

Vekst i kvalitet

Nærings- og byggesak i Øystre Slidre kommune skal bidra på sine felt for ei berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og til å ivareta det biologiske mangfaldet. Visjonen «Rein naturglede» skal vera ein ledetråd i avdeling for næring og byggesak sine prioriteringar, virke og sakshandsaming.

Det er eit prioritert mål at avdeling for næring og byggesak i Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som set kvalitet, likebehandling, brukarar og service i sentrum. Ei tydeleg og føreseileg forvalting er god og effektiv næringsutvikling.

Offensiv organisasjon

Nærings- og byggesak er ein organisasjon som har ei offensiv haldning til å ta i bruk nye digitale verktøy. Det er store forventningar til å få gjennomført planane om digitalisering av eigedomsarkivet, og nytt sakshandsamingsssystem som blir rulla ut i 2018. Dette vil auke mogelegheitene til å gje ein effektiv organisasjon, som leverer godt innanfor lovens krav om sakshandsamingstid, og med eit innhald som tilbyr tenester som i kvalitet tilfredsstiller innbyggjarane, dei næringsdrivande og gjestene sine behov.

Langsiktig arbeid på oppmålingssida for å gje ryddige eigedomstilhøve har vore ei viktig satsing for å sikre rammer for effektiv saksflyt i kommunal forvaltning og sakshandsaming. I arbeidet med å forberede eigedomsskatten har ein erfart kor viktig dette arbeidet har vore. Kommunen og avdelinga er leiande i Valdres med omsyn til bruk av e-kommunikasjon. Når ein no ser at sentrale myndigheter legg til rette for digitaliserte søknadsprosesser er ein godt budd. Samla vil det grunnlaget som er lagt gjennom systematisk arbeid i lang tid saman med desse nye statlege søkerenestene betre saksflyten. Dette gjer det mogeleg å halde oppe vår høge servicegrad, der kundane stort sett kan imøtekoma utan avtalte besøk eller telefontider.

10.2 Byggesak

Ein har sett med spenning på korleis verknadane av endringane i §20-5 i plan- og bygningslova ville slå ut på arbeidsmengde og økonomi. Ei rekke tiltak som før var søknadspliktige, vart berre meldepliktige. Erfaringane så langt syner at lovendringa ikkje har ført til noko nedgang i talet saker eller gebyrinntekter. Ofte har det heller gjeve avdelinga noko meir arbeid. Dette skuldast m.a. feiltolkningar av lovverket, og at naboar til bygningstiltak ofte tek kontakt og ber om ulike avklaringar. Konfliktane i slike saker har likevel blitt mindre enn ein frykta. Ein har i 2018 lagt til grunn om lag same omfang i talet på byggesaker som i førra års budsjett.

Generelt har det vore avdelinga si erfaring at det årleg blir ført opp ein del bygg som ikkje er omsøkt på lovleg måte. Oppfølging av slike saker er svært tidkrevjande. Gjennom takseringsarbeid i

samband med eigedomsskatten ser ein no at det er særsmale mange tilbygg og til dels større bygg som det ikkje er godkjent byggeløyve. Kommunen har vedtak om å vedtak om å gjennomføre eit tilsyn som minimum dekker lovkravet. Ein må neste år vurdere korleis ein skal handsama alle desse sakene som kjem i tillegg. Tilsynsarbeidet har ei generell preventiv effekt og på sikt sparer det både kommune, tiltakshavarar og utførande handverkarar for betydelege kostnadar.

Ein har berre gjort framlegg om mindre justeringar i gebyrregulativet til handsaming av saker etter plan- og bygningslova og forureiningslova. Gebyra dekker slik det no er om lag dei samla kostnadane kommunen har med slike saker. Desse gebyra utgjer ein svært liten del av dei samla byggekostnadane i dei fleste saker. Gebyrnivået er likevel under kommunar som det er naturleg å samanlikne seg med – som Øyer, Ringebu og Ringsaker.

Det er lagt opp til eit gebyr for tiltak som er sett i gang før det er sendt søknad. Grunngjevinga for dette er at slike saker gir svært mykje ekstraarbeid for kommunen, og at ein ofte kjem i den situasjon at kommunen som bygningsmynde ikkje får påverke plassering eller utforming, utan at dette har betydeleg økonomiske konsekvensar for tiltakshavar.

Det er også lagt opp til eit nytt gebyr på 500 kr for handsaming av skjemaet «Eigenerklæring om konsesjonsfridom». Talet på saker ligg ein stad kring 450 per år. Endringar i Statens kartverk og matrikkelen på dette området gjev ei betydeleg auka arbeidsmengde i høve tidligare system og praksis.

Tabell 10-1 Gebrysatsar plan- og bygningslova Øystre Slidre kommune

	2018	2017
3.2.1 Søknadspliktige tiltak etter PBL §20- 3		
Opp til og med 100 m ² BRA	kr 9 400	kr 9 000
101 m ² BRA- 200 m ²	kr 3 800	kr 3 700
For kvar påbyrja 100 m ² over 200 m ²	kr 2 700	kr 2 600
Søknadsgebyret dekker eventuelle tilsyn		
3.2.2 Søknadspliktige tiltak etter PBL §20-4		
Mindre tiltak på bygd eigedom <50 / 70 m ²	kr 4 800	kr 4 600
Driftsbygning i landbruket	kr 3 200	kr 3 100
Mellombels bygning	kr 3 200	kr 3 100
Andre mindre tiltak	kr 3 200	kr 3 100
3.2.3 Søknadspliktige tiltak etter PBL §20-4 d		
Opprettning av ny eigedom	kr 4 800	kr 4 600
3.2.4 Søknadspliktige tiltak etter pbl § 20-3 Fritidsbustader inkl annekts		
Opp til og med 100 m ² BRA	kr 15 200	kr 14 600
101 m ² BRA- 200 m ²	kr 4 200	kr 4 000
For kvar påbyrja 100 m ² over 200 m ²	kr 3 300	kr 3 200
Søknadsgebyret dekker eventuelle tilsyn		
3.2.5 Tiltak igangsett utan at søknad er innsendt		
Tiltak etter 3.2.1 - 3.2.5 og 6.1.1 som blir igangsett utan at søknad er innsendt får eit tilleggsgebyr likt søknadsgebyret	Avhengig av type gebyr	Avhengig av type gebyr
Tiltak etter 3.2.1 og 3.2.1 som er tatt i bruk før ferdigattest er gitt	kr 5 200	kr 5 000
3.2.6 Godkjenning av føretak etter pbl § 22-3		
Søknad om lokal godkjenning	kr 800	kr 800
3.2.7 Dispensasjon		
Dispensasjon -administrativ	kr 4 400	kr 4 300
Dispensasjon - politisk	kr 8 200	kr 8 000

10.3 Næringsutvikling

Målet i planstrategien er at Øystre Slidre kommune skal vera den beste opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter per innbyggjar. Valdres næringshage er tildelt ansvaret for etablerer-opplæring og etablerer-vegleiing, men næring og byggesak prøver å støtte opp under dette arbeidet med rask sakshandsaming og føreseielege rammevilkår.

Kommunestyret vedtok i samband med innføring av eigedomsskatt å sette av pengar til ein fond kalla «Næringsfond eigedomsskatt», likt 60 % av utskrivne eigedomsskatt. Dette gjev nye mogelegheiter og nye utfordringar. Ein har tidligare brukte betydelege summar på ulike og konkrete føremål. Desse er det no naturleg blir finansierte av fondet. Ein reknar med at ein kjem fram til ei avtale med SB1, om å innføre ei kommunal ordning lik stiftelsen «Kimen til vekst», der ein kan nyte seg av stiftinga si kompetanse med omsyn vurdering av forretningside, til rettleiring og den særskilte bygginga av nettverk.

